

Preses Olav Fykse Tveit:

Helsing til Stig Lægdene ved tilsetjinga som ny biskop i Nord-Hålogaland bispedømme

Tromsø domkyrkje, 19. september 2025

Det er med glede eg ønskjer deg, Stig Lægdene, til lukke som den neste biskopen i Nord-Hålogaland, og velkommen som kollega i Bispemøtet.

Du har vist at du har mange gode føresetnader for å fylle oppgåvene du no får. Som biksop kjem du til å vere ein ressurs for kyrkja vår og til velsigning for mange i tida.

Med din mangfaldige bakgrunn som prest, som ansvarleg for Kyrkjeleg utdanning i Nord, som leiar i Kirkens bymisjon, og dei siste åra som domprost, har du mykje å tilføre kyrkja også i rolla som biskop.

Du har erfaring med å formidle kyrkjas gode budskap på ein truverdig måte i vår tid. Du er ein reflektert teolog, med mykje kunnskap og kompetanse. Det får du bruk for som biskop i ei evangelisk-luthersk kyrkje, der du har eit særleg ansvar for å sjå til at evangeliet vert forkjent klart og reint til frelse og frigjering.

Det er altså ikkje berre fordi du er ein likandes kar du er tilsett som biskop. Men som den du er, open og redeleg, empatisk og tydeleg, skal du bygge gode relasjonar og samarbeide med mange. Det trengst som inspirator og leiar i bispedømmet, og som biskop for alle dine medarbeidrarar. Det trengst når du skal drive vidare arbeidet med forsoning for samer, kvener og andre nordmenn i denne delen av landet. Det kjem godt med når du skal vere ein synleg kyrkjeleiar i møte med mange andre aktørar i samfunnet, og når du står fram i det offentlege rom.

Eg vil nytte høvet til å takke alle dei andre som har stilt seg til disposisjon for prosessen med å finne ny biskop her. Det gjeld spesielt dei to andre som var med i dette løpet fram til i går, Anne Skoglund og Gaute Nordby. Dei er gode og viktige medarbeidarar, og det vil dei vere for deg når de skal fortsette å fylle oppgåvene i dette bispedømmet saman.

Du har gitt uttrykk for kor viktig det er at bønn får plass i dei mange slags møter mellom oss menneske. No er det ei særleg oppgåve for oss andre å be for deg, for din familie og for bispedømmet i tida fram mot vigslinga og innsetjinga av deg som biskop. Det skjer her i Tromsø domkyrkje sundag 7. desember.